



Alver kommune Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar: e7cbc1c3-84dc-4316-911f-f045bc083ba7	Trude Langedal	30.04.2020
Vår: 20/7643 - 20/21894	trude.langedal@alver.kommune.no	

## Uttale til søknad om dispensasjon - gbnr 137/150 Alver

Viser til oversendelse av søknad om dispensasjon for eigedom gbnr. 137/50 til uttale.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen (KDP KAA) og frå plan og bygningslova § 1-8 byggeforbodet langs sjø. Det er planlagt å rive eksisterande fritidsbustad og bod på eigedomen og å føre opp ny fritidsbustad samt etablering av ein mellombels anleggsveg i samband med utførelse av tiltaka.

Tiltaket ligg innanfor omsynssone Kulturmiljø for Indre Farlei i KDP KAA og innanfor 100 meters beltet frå sjø.

Kommunedelplan for Knarvik –Alversund med Alverstraumen er nyleg vedteken (oktober 2019). Det kom 2 innspel om arealendring for eigedom gbnr. 137/50 til planarbeidet, det første innspelet var frå førre eigar som ønska å endra føremål frå LNF til bustad, det andre frå noverande eigar som ønska føremålet endra til fritidsbustad. Ingen av innspela vart teke til følgje med bakgrunn i at eigedommen ligg innafør funksjonell strandsone og omsynssone Indre farlei.

Eigedommen ligg eksponert på eit nes med bratte skrenter ned mot sjøen. Strandsona er utilgjengeleg frå sjø og har ingen bruksverdi for ålmenta, men eigedommen har stor visuell verdi, sentralt i Indre farlei og med Alversund kyrkje og Alversund bru i bakgrunnen. Hytta som er planlagt er vesentleg større enn eksisterande hytte, sjølv om den er lågare pga takform, medfører prosjektet eit større volum på tomta. Det går ikkje fram av søknaden i kva grad tiltaket medfører terrenginngrep og hogst av eksisterande

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no      Kontonummer: 13207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00      www.alver.kommune.no      Organisasjonsnummer: 920 290 922

vegetasjon, men dette kan i stor grad bidra til at tiltaket vert meir eksponert mot Indre farlei enn eksisterande hytte.

Mellombels anleggsveg som skal nyttast i byggeperioden av hytta kan være i konflikt med ny bru slik det går frem av uttale frå Vestland fylkeskommune.

Plan og analyse vil ikkje tilrå å gje dispensasjon frå LNF-formålet og § 1-8 for å rive eksisterande fritidsbustad og føre opp ei ny. Det er vektlagt i vurderinga at gbnr 137/50 ligg særskilt eksponert til i Indre farlei, som er avsett til omsynssone kulturmiljø i KDP Knarvik – Alversund med Alverstraumen.

Med helsing

Trude Langedal  
Rådgjevar  
Plan og analyse

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG